

# Framveksten av pseudokoordinasjon med *drive*

Torodd Kinn

Pseudokoordinasjon med *drive* som førsteverb, *drive og V*, er ein særnorsk uttrykksmåte for kursivt aspekt. Artikkelen tek utgangspunkt i ein eksisterande hypotese om opphavet til konstruksjonen. I ei diakron undersøking blir slik pseudokoordinasjon og beslektta konstruksjonar med *drive* samanlikna for norsk frå tida 1916–30 og moderne bokmål. Opphavet er uttrykk av typen *drive på med å V*, som ofte uttrykte kontinuativt aspekt: ‘fortsette med å V’. Parallelt med at kursivt aspekt har blitt dominerande, har vegen fram til *drive og V* omfatta bortfall av *med* og *på* og ein reanalyse av konstruksjon med infinitiv til konstruksjon med koordinasjon. Artikkelen drøftar utviklingane i lys av grammatikaliseringsteori og viser korleis kvart strukturelt steg er semantisk motivert.

Nøkkelord: grammatikalisering, bortfall, reanalyse, kursiv, kontinuativ, aspekt, pseudokoordinasjon

## 1 Innleiing<sup>1</sup>

I *Norsk referansegrammatikk* (Faarlund, Lie & Vannebo 1997: 645–660) er det ei rekke avsnitt som tek for seg konstruksjonar som uttrykkjer ulike former for aspektualitet. Først ut er eit avsnitt om kursivt aspekt. Forfattarane forklarar at dette er aspekt «som fokuserer på en handling eller situasjon utstrakt i tid uten tanke på noen form for avgrensning» (s. 646). Dette er ei nokså typisk betydning for imperfektivt aspekt, men dei norske kursivkonstruksjonane er ikkje så sterkt grammatikaliserte som typiske imperfektivar slik ein kan finne dei t.d. i slaviske språk eller i engelsk *be V-ing*. Ein av konstruksjonane med kursivt aspekt er i referansegrammatikken nemnd som «*Drive (på) (med) å (og) ...*». Måten uttrykka med *drive* er oppførte på, viser til variasjon på tre punkt: (a) *På* kan vere med eller ikkje, (b) *med* kan vere med eller ikkje, og (c) ein kan ha *å* verb i

1. Hovudredaktøren har hatt det redaksjonelle ansvaret for denne artikkelen. Takk til Urd Vindenes, Kristian Blensenius og Peter Andersson for kommentarar til ein tidlegare (og temmeleg annleis) versjon av artikkelen. Takk òg til tidsskriftet sine to anonyme fagfellar for konstruktiv kritikk som har hjelpt meg til å forbetre teksten.

infinitiv eller *og* og verb i same bøyingsform som *drive*. Det andre alternativet under (c) inneber pseudokoordinasjon, og avsnittet om kursivt aspekt nemner òg pseudokoordinasjon med *sitte*, *ligge*, *stå* og *gå* (s. 647–648).<sup>2</sup> I pseudokoordinasjon har *drive* ei nokså vag betydning, som ‘halde på, vere (konstant/repetitivt) aktiv’. Uttrykksmåten hører til eit forholdsvis uformelt stilnivå og kjenneteiknar munnleg språk meir enn skriftleg (jf. Lødrup 2017). *Drive*-pseudokoordinasjon kan ha med preposisjonen *på*, som i (1)–(2), men uttrykk utan *på* er vanlegare, som i (3)–(4).

- (1) sånn at ikke alt detter ned igjen mens jeg driver på og påfører pussen (vgd.no)
- (2) I mars 2000 drev jeg på og pusset opp kjøkkenet i vinterferien (www.nrk.no)
- (3) Vi driver og tar bilder ute på søppelhaugen (www.f-b.no)
- (4) Ein mann i Bergen er dømd for å ha drive og kontakta ein ekskjærast (www.strilen.no)

Eg omtalar desse konstruksjonsvariantane som høvesvis [drive på og V] og [drive og V]. Ein forskjell mellom dei er at resultatet er grammatisk om ein stryk det som følgjer *på* i [drive på og V] (*mens jeg driver på*, *I mars 2000 drev jeg (fremdeles) på*), mens dette ikkje er tilfellet med [drive og V] (\**Vi driver, \*for å ha drive*).<sup>3</sup>

Dei ulike eigenskapane som skil pseudokoordinasjon frå kanonisk koordinasjon, er nokså velkjende og skal ikkje takast opp att her; for oversyn, sjå Teleman, Hellberg & Andersson (1999, bd. 4: 903), Hesse (2009: 13–16) og Kinn (2018). Eit gjennomgangstema i forskingslitteraturen har vore spørsmålet om pseudokoordinasjon er å rekne som ei form for sideordning eller som ein underordningsstruktur. Det er nok slik at forståinga av pseudokoordinasjon som underordning er mest utbreidd i forskinga på skandinavisk. Lødrup (2002, 2017), Wiklund

- 
- 2. I pseudokoordinasjon med *gå* er det her tale om betydninga ‘gå omkring’, og som vist i Kinn (2018) er paradigmet av rørsleverb i realiteten ope, i allfall dersom ein brukar adverbial som *omkring* e.l. Referansegrammatikken nemner elles desse andre konstruksjonane i avsnittet om kursiv: *holde på (med) å, være opptatt med å, være i ferd med å, være i gang med å, vere åt å (og)*.
  - 3. Med mindre ein tillegg *drive* ei heilt anna betydning, t.d. ‘flyte og bli ført med vinden; gå seint og makeleg’.

(2008), Kjeldahl (2010) og Josefsson (2014) er mellom dei som analyserer ulike pseudokoordinasjonsvariantar som underordningskonstruksjonar. Somme andre, t.d. Josefsson (1991), Gjersøe (2016) og Kinn (2018) ser på dei som ei ikkje-kanonisk form for sideordning av verbfrasar. I så måte er prefikset *pseudo-* diskutabelt, men termene *pseudokoordinasjon* og svensk *pseudosamordning* (Teleanu, Hellberg & Andersson 1999, bd. 4: 902–909) er etter kvart innarbeidde.<sup>4</sup> Spørsmålet blir ikkje diskutert i teksten her, men eg legg til grunn ei forståing av strukturane som sideordning av verbfrasar, med visse avvikande eigenskapar.

Det er ikkje skrive svært mykje om pseudokoordinasjon med *drive*, og noko av grunnen er at slik pseudokoordinasjon berre finst i norsk, ikkje i dansk eller svensk.<sup>5</sup> Eit hovudtema har vore aspektuelle forhold, både synsvinkelaspekt og situasjonsaspekt (sjå avsnitt 2.1 for aspektteori). Utanom det kursive synsvinkelaspektet har fleire forskrarar teke opp korleis konstruksjonen verkar inn på situasjonsaspekt (aksjonsart), jf. Faarlund, Lie & Vannebo (1997), Tonne (2001), Hesse (2009) og Lødrup (2017). Vi skal sjå at konstruksjonar med *drive* har gått frå kontinuativ betydning (situasjonsaspekt) til kursiv betydning (synsvinkelaspekt), og dette er nok vesentleg for å forstå dei strukturelle endringane som har ført fram til [drive og V].

Så vidt eg kjenner til, finst det inga empirisk forsking på historia til [drive (på) og V], men det finst eit par vesentleg synkront baserte teoretiske diskusjonar. Hesse (2009) legg til grunn eit grammatikaliseringsperspektiv i undersøkingane sine av pseudokoordinasjon i norsk og andre skandinaviske språk. Ho set fram ein interessant hypotese om at [drive og V] kan førast tilbake til konstruksjonen [drive på med å V], med [drive på å V] og [drive på og V] som mellomstadium. Ho byggjer på synkront korpusmateriale (s. 6–8), men ho legg ikkje fram talmateriale frå det og underbyggjer ikkje hypotesen med diakront materiale.

Lødrup (2002, 2017) diskuterer i hovudsak syntaktiske eigenskapar ved pseudokoordinasjon. Lødrup (2017) er viggd konstruksjonar med *drive*. Som nemnt legg han til grunn ei forståing av pseudokoordinasjon som underordning, og han drøftar om ulike variantar av *drive*-pseudokoordinasjon skal analyserast

- 
4. I dansk har Nielsen (2011) og Hansen & Heltoft (2011) brukt termen *kongruenskonstruktion* for pseudokoordinasjon og koordinasjon av typen *Vi reiv ost og hadde over kjøttsausen*, med utelating av objektet frå det andre konjunktet (jf. Åfarli & Creider 1987). Termen med *kongruens* er heller ikkje heilt heldig, sidan ein i alle dei skandinaviske språka kan ha koordinasjon av presens partisipp og infinitiv som i *Vi har tøyet hengende og tørke* (jf. Kinn 2017). Wiklund (2008: 9) nemner fleire termar som har vore brukte, særleg i engelsk.
  5. I færøysk har ein konstruksjonen [dríva á at V] ‘drive på å V’, med betydning som minner om den norske (Hesse 2009: 118).

som kontroll- eller løftingsstrukturar. Løftingsanalysen er primært motivert av at ein kan ha ikkje-agentivt subjekt (*Vannet driver og forsvinner fra dusjene*, s. 269) og til og med eksplativt subjekt utan noka semantisk rolle (*når det driver og blåser sånn som det gjør*, s. 270). Lødrup peikar på at dette ikkje stemmer med ein påstand hos Hesse (2009: 121) om at *drive*-pseudokoordinasjon berre er kompatibel med subjekt med agensrolle. Han antydar at ikkje-agentive variantar er forholdsvis nyutvikla, og dette verkar som ei rimeleg antaking. Sett i høve til det som hos Hesse er det (hittil) siste steget i ei diakron utvikling, blir dette altså endå ei vidareutvikling. Om ein som her reknar pseudokoordinasjon som ei form for sideordning, legg det ikkje opp til ein løftingsanalyse av dei fenomena Lødrup løftar fram, men dei er evidens for semantisk bleiking av *drive*.

Artikkelen her har to mål. For det første testar eg den historiske rekonstruksjonen frå Hesse (2009). Utviklinga til *drive*-pseudokoordinasjon og beslektta konstruksjonar med *drive* i dei siste hundre åra blir undersøkt empirisk. Undersøkinga dekkjer ein periode på berre tre–fire generasjonar, men vi skal sjå at det har skjedd store endringar i bruken av *drive* på denne korte tida. Tidsdjupna er vel å merke for lita til at vi kan sjå starten på utviklinga av *drive*-pseudokoordinasjon, men dei empiriske resultata er klare nok til at hypotesen til Hesse kan seiast å verte styrkt. Dei vidare utviklingane som Lødrup (2017) peikar på for [drive og V], fell utanfor hovudfokuset her.

Det andre målet er å utforske kva for semantiske og pragmatiske motivasjonar som kan ligge bak dei ulike stega som er involverte i den historiske utviklinga fram til [drive og V]. I den grad *drive* er grammatikalisert i dette forløpet, inneber det at verbet har begynt å misse leksikalske eigenskapar. Utviklinga som Hesse skisserer, involverer (a) bortfall av *med*, (b) reanalyse frå konstruksjon med infinitiv med *å* til konstruksjon med koordinasjon med *og* og (c) bortfall av *på*. Korleis kan desse stega forståast i lys av teori om grammatikalisering? Her er det essensielt at ein knyter *drive*-variantane til konstruksjonar med strukturelt og semantisk beslektta verb; slik kan bortfalla av *med* og *på* og reanalysen frå infinitiv til koordinasjon visast å vere semantisk motiverte.

I botnen av analysane her ligg kognitiv-funksjonell grammatikaliseringsteori som representert t.d. i Heine, Claudi & Hünnemeyer (1991), Heine (1993), Hooper & Traugott (2003) og Traugott & Trousdale (2013) og ei forståing av grammatiske strukturar som er foreinleg med ulike variantar av konstruksjonsgrammatikk slik dei er representerte i Hoffmann & Trousdale (2013). Ei sentral antaking er at grammatiske konstruksjonar og grammatiske småord som preposisjonar og konjunksjonar er meiningsberande, med alt frå nokså spesifikk

til svært generell (skjematiske) betydning. Eg brukar Heine (1993) sin teori om grammatikalisering av hjelpeverb for å kaste lys over utviklinga av *drive*. Men eg understrekar at dette ikkje inneber ein påstand om at *drive* har blitt hjelpeverb. Eg ser ikkje på pseudokoordinasjon som hjelpeverbkonstruksjonar, men førsteverbet i pseudokoordinasjon har i ein del tilfelle blitt grammatikalisert i ei retning der samanlikning med hjelpeverb er opplysande. Eg går ikkje her inn i nokon diskusjon av forhold mellom hjelpeverb, lettverb osv.

Avsnitt 2 gjer greie for sentrale antakingar om aspektualitet og skisserer relevante konstruksjonar med verbet *drive*. I avsnitt 3 presenterer eg hypotesen til Hesse (2009) om utviklinga av pseudokoordinasjon med *drive*, mens avsnitt 4 inneheld den diakrone undersøkinga som testar og styrker hypotesen. Avsnitt 5 er det teoretiske bidraget, der eg syner at utvikling frå kontinuativ til kursiv betydning motiverer dei strukturelle utviklingane. Avsnitt 6 oppsummerer og avrundar studien.

## 2 Bakgrunn

Konstruksjonar med *drive* som førsteverb følgt av eit anna verb har hatt to ulike aspektuelle betydningar og finst i fem ulike formelle variantar. Nødvendig bakgrunn om aspektuell semantikk og syntaksen til *drive* blir presentert i underavsnitta her.

### 2.1 Aspektualitet: kontinuativ og kursiv betydning

Med omsyn til aspektualitet hentar eg termar frå Faarlund, Lie & Vannebo (1997), men eg står meg meir spesifikt på aspektteorien frå Smith (1991), som eg skal gjere kort greie for her. Smith skil klart mellom to nivå: *situasjonsaspekt* og *synsvinkelaspekt* (*viewpoint aspect*, sjå Blensenius (2015) for diskusjon av ulike modellar). Andre termar for om lag det same som situasjonsaspekt er *leksikalisk aspekt* og *aksjonsart*, og for synsvinkelaspekt har *grammatisk aspekt* eller berre *aspekt* vore nytta.

Situasjonsaspekt gjeld relativt objektive temporale tilhøve i omtalte situasjonar, med ei hovudinndeling i enkle situasjonar (aktivitet, gjennomføring, oppnåing, semelfaktiv og tilstand),<sup>6</sup> komplekse situasjonar (iterativ og habituell)

---

6. *Gjennomføring* og *oppnåing* er mine framlegg til norske termar for engelsk *accomplishment* og *achievement*.

og – viktigast i vår samanheng – fasar: ingressiv, kontinuativ og egressiv, høvesvis med betydningane ‘begynne å V’, ‘fortsette å V’ og ‘slutte å V’.

Synsvinkelaspekt gjeld meir subjektive måtar å betrakte situasjonar på, og Smith skil mellom perfektivt aspekt (heile situasjonen «sett» utanfrå), imperfektivt aspekt (situasjonen «sett» innanfrå utan start eller slutt) og nøytralt aspekt. I eit språk som norsk der synsvinkelaspekt ikkje får systematisk uttrykk, har ein i utgangspunktet oftast nøytralt aspekt. Men visse konstruksjonar uttrykkjer t.d. imperfektivt aspekt. Den sentrale varianten av imperfektiv er kursiv, som «ser» midt inn i den omtalte situasjonen, uttrykt i norsk av m.a. pseudo-koordinasjon med *drive*. Andre variantar av imperfektiv «ser» inn i tilstanden før eller etter omtalt situasjon.

Kontinuativ betydning gjeld altså situasjonsaspekt, mens kursiv betydning gjeld synsvinkelaspekt. Men sjølv om betydningane hører til på ulike aspektuelle nivå, er det klar likskap mellom dei, og likskapen legg til rette for betydningsforskyving over tid.

Faarlund, Lie & Vannebo (1997: 646) seier at konstruksjonar som uttrykkjer kontinuativt aspekt, «fokuserer på fortsettelsen av en handling som er (eller har vært) i gang». Vi ser at dette omfattar både ‘fortsette å V’ og ‘begynne å V igjen’ (som kombinerer ingressiv og kontinuativ betydning). Situasjonar som er omtalte slik, er hierarkisk oppbygde. I botnen ligg ein durativ situasjon uttrykt av verbet «V» (aktivitet, gjennomføring eller iterativ situasjon). Den kontinuative konstruksjonen zoomar så inn på ein fase i den durative situasjonen, og det blir konstatert at energitilføringa som skal til for å halde prosessen i gang, held fram (eventuelt at slik tilføring startar igjen etter eit opphold). Den tilgrunnliggende situasjonen er altså i gang både før og etter den fokuserte fasen. Om vi no samanliknar dette med kursivt aspekt, som Faarlund, Lie & Vannebo (1997: 646) som nemnt forklarar slik at det gjeld uttrykk «som fokuserer på en handling eller situasjon utstrakt i tid uten tanke på noen form for avgrensing», kan ein sjå at den semantiske avstanden er liten: Dersom ein fjernar framhaldsfokuset frå den kontinuative situasjonen, står ein att med ein durativ situasjon som ein «ser» at er i gang utan at ein «ser» start eller slutt. Slik glir kontinuativ fase over i kursivt aspekt, og ein har fått synsvinkelaspekt i staden for situasjonsaspekt. Synsvinkelaspekt (= grammatisk aspekt) er meir grammatisk og mindre leksikalsk enn situasjonsaspekt (= leksikalsk aspekt), og diakron utvikling frå kontinuativ til kursiv betydning kan derfor sjåast på som grammatikalisering.

## 2.2 Konstruksjonar der *drive* er følgt av eit anna verb

«*Drive (på) (med) å (og) ...»* er som nemnt måten Faarlund, Lie & Vannebo (1997) viser til aspektkonstruksjonar med *drive* på. Utan vidare forklaring kan dette sjå ut til å omfatte åtte ulike konstruksjonsvariantar: med og utan *på*, med og utan *med*, og med *å* (pluss infinitiv) eller *og* (pluss verb i same bøyingsform som *drive*). I realiteten er det fem variantar som lett lèt seg dokumentere, og dei skal vi sjå på i avsnitt 2.2.1–2.2.5. Derimot har dei tre andre tenkjelege variantane neppe vore i utstrekkt bruk, sjølv om det kan finnast sporadiske belegg, jf. avsnitt 2.2.6 og 3. Eg fokuserer her på dei strukturelle variantane og ventar med å diskutere semantiske forskjellar til avsnitt 5. *Drive* er eit svært polysemnt verb som inngår i ei lang rekke syntaktiske konstruksjonar (t.d. er det brukt både transitivt og intransitivt), noko som er reflektert i at det har fått over seks kolonnar i *Norsk ordbok* (1978, bd. 2: *driva*). Her skal eg stort sett avgrense framstillinga til konstruksjonar der *drive* er følgt av eit anna verb.

### 2.2.1 Konstruksjonsvarianten [*drive på* med å V]

Den mest utbygde varianten har både *på* og *med*, og *med* har ein *å*-infinitiv som komplement, som i (5). Denne infinitiven kan erstattast med eit vanleg nominalt komplement, slik (6) viser. Komplementet kan ikkje utelatast (\**lenge nå har jeg drevet på med*).

- (5) lenge nå har jeg drevet på med å skrive ned alt som foregår oppe i hodet mitt ([www.ung.no](http://www.ung.no))
- (6) medan dei dreiv på som verst med arrestasjonar og avhøyr ([issuu.com](http://issuu.com))

Adverbialet *som verst* i (6) viser at *på* og *med* tilhører ulike konstituentar i verbfrasen.

### 2.2.2 Konstruksjonsvarianten [*drive med* å V]

Denne varianten er illustrert i (7) og skil seg frå den førre ved at *på* ikkje er med. Her òg kan *å*-infinitiven erstattast med eit vanleg nominalt komplement, jf. (8). Heller ikkje her kan komplementet utelatast (\**en av dem drev med*).

- (7) en av dem drev med å desinfisere hus som det hadde vært smittsomme sykdommer i ([www.porsgrunn.folkebibl.no](http://www.porsgrunn.folkebibl.no))
- (8) Hvorfor i all verden driver jeg med politikk? ([www.laagendalsposten.no](http://www.laagendalsposten.no))

### 2.2.3 Konstruksjonsvarianten [drive på å V]

I denne varianten har ein *på*, men ikkje *med*, som i (9).

- (9) dei dreiv på å kartlegge landskapet for militære føremål (nn.wikipedia.org)

Trass i at *med* «manglar», har ein ein å-infinitiv her. Men den er ikkje obligatorisk, jf. (10)–(11) med litt ulike betydningsnyansar av *drive på*:

- (10) jeg vet hvor jeg har lillegutt når vi driver på i hagen (markablogg.blogspot.com)

- (11) Han eller ho der oppe på talarstolen får no berre drive på (www.aasentunet.no)

Å-infinitiven kan ikkje erstattast av eit vanleg nominal (\**dei dreiv på kartlegging*), og eg tolkar dette slik at han ikkje er komplement til *på*, men står åleine som følgje av *med*-bortfall. Det førekjem vel å merke at *på* har komplement i overflatisk liknande uttrykksmåtar, som i (12), men *drive* har her ei anna betydning enn i [drive på å V] som illustrert i (9).

- (12) Jeg må da be henne om å [...] drive på dem som skal gjøre denne jobben (www.stortinget.no)

Konstruksjonen i (12) synest å vere eit tilfelle av eit «degradert» oblikt ledd, som i *ete på noko* (jf. *ete noko*), *jage på noko* (jf. *jage noko*) osv., altså at *drive på noko* står i eit vekselforhold til *drive noko* med «ikkje-degradert» objekt.

### 2.2.4 Konstruksjonsvarianten [drive på og V]

Denne varianten har vi sett døme på i innleiinga; eitt til er gitt i (13). Her er *på* brukt, men ikkje *med*, og i staden for å-infinitiv har ein ein verbfrase der verbet har same bøyingsform som *drive*. Dette er pseudokoordinasjon. Som nemnt i innleiinga finst [drive på] utanfor pseudokoordinasjon òg. Dette går fram av (10)–(11) ovanfor.

- (13) men jeg har da drevet på og samlet navn i noen år (www.folkebladet.no)

### 2.2.5 Konstruksjonsvarianten [drive og V]

Dette er den sentrale varianten med pseudokoordinasjon. Han er illustrert i innleiinga og i (14) her. Varianten har verken *på* eller *med*, og den andre verbfrasen har verb som samsvarar med *drive*. Som nemnt i innleiinga er *drive*-uttrykket ugrammatisk utanfor pseudokoordinasjon (\**For tida driv ho*) med mindre ein tenkjer seg ei heilt anna betydning av *drive*.

- (14) For tida driv ho og grublar på korleis ho skal ordlegge seg (framtida.no)

### 2.2.6 Fleire konstruksjonsvariantar?

Ut frå «formelen» i referansegrammatikken kunne ein som nemnt tenkje seg tre variantar til. Dei to første er \*?[drive på med og V] og \*?[drive med og V]. Sjølv vurderer eg uttrykk med samsvarande verb etter *med* som heilt ugrammatiske. Søk på nb.no (jf. avsnitt 4) gav rett nok eitt funn med den første varianten, vist i (15), men den andre har eg ikkje støytt på.


- (15) Gud hev strøydd ut alle vegar te seg, og driv på med og strøyr ut (GB)

Eg kjem til den siste tenkjelege varianten, \*?[drive å V], i neste avsnitt.


## 3 Hypotesen hos Hesse (2009) og tenkjelege alternativ

Hesse (2009: 119–120) set fram ein hypotese som eg illustrerer her i (16). Ho tenkjer seg at det historiske utgangspunktet er varianten [drive på med å V]. Først har *med* falle vekk og gitt varianten [drive på å V]. Så langt er det ikkje koordinasjon, og verba oppviser ikkje samsvar. Så er tanken at konstruksjonen er reanalysert til koordinasjon, og ein har fått verbsamsvar: [drive på og V]. Det siste steget i denne hypotetiske utviklinga er at *på* kan falle vekk, slik at ein får ein variant av pseudokoordinasjon utan preposisjon: [drive og V].


- (16) [drive på med å V]



Eit tenkjeleg alternativ til Hesse sin hypotese kunne vere utviklinga i (17). Men ho argumenterer for at dette ikkje kan vere rett, ettersom det inneber ein variant \*?[drive å V] som ho omtalar som ikkje-belagt.



Hypotesen til Hesse verkar rimeleg, men er basert på synkront moderne materiale og ikkje diakrone undersøkingar. Éin variant som faktisk er i bruk, er ikkje nemnd av Hesse: [drive med å V], jf. avsnitt 2.2.2. Om vi reknar den som avleidd av varianten [drive på med å V],<sup>7</sup> ville begge variantane [drive med å V] og [drive på å V] kunne føre fram til varianten [drive og V] via den hypotetiske varianten \*?[drive å V]. Samla gir dette tre moglege «stiar» frå varianten [drive på med å V] til varianten [drive og V], som illustrert i (18).



To av stiane går via den hypotetiske varianten \*?[drive å V]. Dersom denne varianten finst eller har funnest, stiller rekonstruksjonen til Hesse svakare. Men dersom Hesse har rett i at varianten ikkje har funnest, styrkjer det hypotesen hennar om at utviklinga av pseudokoordinasjon har gått langs stien i (16).

---

7. Det verkar rimeleg, men er ikkje nødvendig. Om det er feil, har det uansett ikkje konsekvensar for analysen her, sidan det viser seg å vere tale om ei «sidegrein», som vist i (19) nedanfor.

#### **4 Det historiske og semantiske tilhøvet mellom konstruksjonsvariantane**

Korleis er det historiske forholdet mellom dei ulike variantane? Det er ikkje enkelt å få fram gode historiske data om [drive (på) og V], jf. Lødrup (2017). Av *Norrøn ordbok* (Heggstad, Hødnebø & Simensen 2008: *drifa*) ser det ikkje ut til at verbet hadde relevant bruk i norrøn tid, og søk i norrøne tekstar i Menota på lemmaet *drifa* gir ingen treff som minner om pseudokoordinasjon.<sup>8</sup> Den moderne uttrykksmåten [drive (på) og V] er nokså uformell og er derfor i liten grad å vente i slike skriftlege kjelder som ein har til eldre språksteg. Ettersom pseudokoordinasjon med *drive* ikkje finst i dansk, ventar ein heller ikkje å finne han i danske språklege tekstar skrivne i Noreg før eit godt stykke ut på 1800-talet, og riksmålet skilde seg lite frå dansk før 1900. Lødrup (2017: 277) har funne eit døme på [drive og V] frå 1889. Tekstar på landsmål begynte å bli publiserte i den andre halvdelen av 1800-talet, men kom i større omfang på tidleg 1900-tal. Lødrup har eit døme på landsmål frå 1882.

##### *4.1 Søk i tekstar frå Nasjonalbiblioteket og i Leksikografisk bokmålskorpus*

Trass i at den historiske avstanden ikkje blir meir enn nokre få generasjonar, har eg samanlikna skriftleg språkbruk i periodane 1916–30 og 1985–2013. Tekstar frå det eldre tidsrommet er det lite av i vanlege tekstkorpus, men Nasjonalbiblioteket (nb.no) har gjort tilgjengeleg store mengder eldre tekstar i søkbar form.<sup>9</sup> Her har eg søkt i bøker (ikkje avisar) på riksmål, landsmål og dialekt. Ein god del er omsett tekst. For det yngre tidsrommet har eg brukt Leksikografisk bokmålskorpus (LBK).<sup>10</sup> Tekstane der er frå tida 1985–2013 og er i all hovudsak på bokmål, og dette er eit balansert korpus med ulike sjangrar representerte (Knudsen & Fjeld 2013).

LBK inneheld om lag 100 millionar ord, mens eg ikkje kjenner ordtalet for dei gjennomsøkte tekstane på nb.no. Derfor reknar eg heller ikkje på frekvensane til konstruksjonane i løpende tekst. Det kan nok hevdast at tekstmaterialet frå Nasjonalbiblioteket og tekstane i Leksikografisk bokmålskorpus ikkje er ideelle samanlikningsstørleikar. Men som vi skal sjå, er forskjellane mellom periodane store, og ein kan truleg sjå vekk frå at dei berre skyldast ulikskapar i undersøkte teksttypar og deira målforms- eller målføregrunnlag.

- 
8. Medieval Nordic Text Archive: <http://clarino.uib.no/menota/page>. Søk utført 31.05.2018.
  9. Det finst to korpus med tekstar frå Nasjonalbiblioteket i Corpuscle ([clarino.uib.no/corpuscle](http://clarino.uib.no/corpuscle)), eitt med bokmål og eitt med nynorsk. Dei er mykje enklare å bruke enn den framgangsmåten eg har brukt, men dei gir færre treff.
  10. <https://www.hf.uio.no/ln/tjenester/kunnskap/sprak/korpus/skriftsprakskorpus/lbk/>

Til søk i nb.no brukte eg søkjetenesta NB N-gram (betaversjon).<sup>11</sup> Med denne tenesta kan ein søkje på ord eller ordsekvensar og få fram ein graf med trendlinjer og relative frekvensar for orda/uttrykka gjennom tidene (frå 1810 til 2013). Via denne grafen kan ein søkje opp dokumenta der det er treff på det aktuelle ordet/uttrykket i eit gitt år. Så kan ein gå inn i det enkelte dokumentet og finne fram til dei relevante tekstdatane.<sup>12</sup>

I nb.no søkte eg på ei rekke ordsekvensar som tilsvarer dei seks variantane som er viste i (18) ovanfor:<sup>13</sup>

- *drive på med å*
- *drive med å*
- *drive på å*
- *drive å*
- *drive på og*
- *drive og*

Eg søkte òg med *paa* for *på* og *at*<sup>14</sup> og *aa* for *å*, og eg søkte etter alle former av *drive* som har vore innanfor skriftspråksnormene: *driva*, *drive*, *driv*, *driver*, *drev*, *drev*, *drivi*, *drevet*.<sup>15</sup>

11. [https://www.nb.no/sp\\_tjenester/beta/ngram\\_1/](https://www.nb.no/sp_tjenester/beta/ngram_1/)

12. Prosedyren er tiddrevjande, og etter å ha begynt med å hente ut døme frå perioden 1900–30, fann eg det naudsynt å avgrense søka til femtenårsperioden 1916–30. Av omsyn til det diakrone perspektivet i undersøkinga kunne det ha vore nærliggande å velje tida frå 1900 i staden, for å få eldre døme. Når eg likevel valde den yngre halvdelen, hadde det to grunnar: Tekstmaterialet er større og meir variert i den perioden, og mange fleire riksmałstekstar er markert ikkje-danske i ortografi og syntaks. Det blei dessutan utgitt mykje litteratur på dialekt på denne tida, ikkje minst på austlandske målføre, og ein kan rekne med eit lågare formalitetsnivå i slike tekstar enn i mange andre eldre tekstar.

13. Merk at soka ikkje opnar for ord mellom orda i sokjestrengane som er viste her, noko som betyr at slett ikkje alle døme er fanga opp. (For å oppnå det måtte eg ha søkt på berre dei ulike formene av *drive*, og det ville ha gitt så mykje «støy» at undersøkinga hadde blitt ugjennomførbar.) Døme som ikkje kom med, er framfor alt slike som har subjekt eller adverbial etter *drive*. Eg søkte òg etter \*?[drive på med og V] og \*?[drive med og V], sjå avsnitt 2.2.6 og 4.2.

14. Eg tok sjølvsagt med berre døme med infinitiv etter *at*, ikkje finitt setning.

15. Soka fann døme i publikasjonar *utgitt* i åra 1916–30. Dette inkluderer både nye utgåver og opplag av *eldre* verk og tekstar som vart utgitt i ulike slags samleverk, ikkje minst lesebøker for skulen. Eg gjorde ikkje noko forsøk på å fjerne døme som opphavleg hadde komme på trykk før 1916. Eg forsøkte ikkje å fange opp ikkje-normerte skriftlege variantar eller talemałsvariantar, men når dei standardspråklege soka fanga opp dialektal tekst, tok eg med dei aktuelle døma. Somme tekstar på riksmał kan like gjerne seiast å

Med denne prosedyren var det praktisk å sortere vekk dei fleste feiltreffa straks. Eg skreiv inn i eit rekneark dei setningane som inneheldt treff på dei ettersøkte uttrykka, saman med kjeldeinformasjon. Til sist gjekk eg igjennom materialet og fjerna dublettar og tok stilling til tvilstilfelle som eg hadde inkludert i første omgang.

Eg søkte etter dei same ordsekvensane i Leksikografisk bokmålskorpus som på nb.no. Her brukte eg lemmasøk for å få med alle bøyingsformene av *drive*. Avgrensing til søk utan ord mellom dei konstruksjonsspesifikke orda var ikkje nødvendig her, men blei gjort for at det yngre materialet ikkje skulle vere syntaktisk forskjellig frå det eldre. Søkjeresultata blei importerte til rekneark der eg gjekk igjennom dei og sorterte vekk feiltreff og dublettar.

#### 4.2 Resultat

Tala på treff på dei ulike variantane er oppsummerte i tabell 1. Varianten [drive og V], pseudokoordinasjon utan *på*, har knapt to tredjedelar av treffa i den eldre delen, mens varianten har over ni av ti treff i den yngre delen. Denne varianten har altså fått ein klart meir dominante posisjon sidan tidleg 1900-tal. Mest dramatisk er likevel endringa for varianten [drive på med å V], som har nesten ein fjerdedel av treffa i den eldre delen, men svært få treff i den yngre delen.

Korpus	[drive på		[drive		[drive på		[drive på		[drive		Sum	
	med å V]		med å V]		å V]		og V]		og V]			
	N	%	N	%	N	%	N	%	N	%		
nb.no	249	24,0	26	2,5	58	5,6	35	3,4	671	64,9	1039	
LBK	9	1,4	7	1,1	1	0,2	22	3,3	618	94,1	657	

Tabell 1. Fordeling av døme på ulike konstruksjonsvariantar


---

vere danske, men dette reflekterer skriftspråkssituasjonen i Noreg i den aktuelle perioden.

Variantane [drive på å V] og [drive med å V] har små andelar i den eldre delen og endå mindre i den yngre.<sup>16</sup> Varianten [drive på og V] har òg små andelar i begge periodane, men har halde seg stabil.

Den tenkte varianten \*?[drive å V] har ingen treff i den eldre delen. I den yngre delen er det 42 treff på lemmaet *drive + å*. Av desse har 25 presens eller preteritum av *drive* og samsvarande form av andreverbet, dvs. at å er feil for *og*. Dei resterande 17 treffa har infinitiv av både *drive* og andreverbet, dvs. at dei kan tolkast som varianten \*?[drive å V] eller som [drive og V]. Sidan det ikkje blei funne eitt einaste einstydig døme på \*?[drive å V], meiner eg at desse treffa òg bør tolkast som [drive og V]. Derfor er alle dei 42 treffa tekne med under [drive og V] i tabellen. Eitt enkelt døme med *drive med og* kan tolkast som [drive med å V] og er inkludert der.

Det ser altså ut til – slik Hesse (2009) hevda – at varianten \*?[drive å V] ikkje er i bruk no og heller ikkje var det i den eldre perioden. Dermed kan vi sette opp (19) som ei rimeleg historisk tolking av utviklinga frå [drive på med å V] til [drive og V], med [drive med å V] som ei sidegrein.



## 5 Dei diakrone utviklingane i grammatikaliseringsperspektiv

Om den diakrone analysen i avsnitt 4 stemmer, har pseudokoordinasjonen [drive og V] opphav i varianten [drive på med å V] med infinitiv. Først har *med* falle vekk, så har konstruksjon med å og infinitiv blitt reanalyser til koordinasjon med *og*, og så har *på* falle vekk. Vel å merke finst dei mellomliggende typane enno, men alle variantar utanom [drive og V] er no lågfrekvente i samanlikning.

16. Det kan diskuterast om [drive på å V] har belegg i det yngre materialet i det heile: Det einaste moglege dømet har *drive* i infinitiv, så det kan like gjerne tolkast slik at å er brukt for *og* (slik er det fleire eksempel på der *drive* ikkje står i infinitiv), og at det er eit døme på [drive på og V]. Når eg har registrert det som [drive på å V], er det fordi varianten er godt belagd i det eldre materialet.

I dette avsnittet skal eg diskutere den historiske rekonstruksjonen i lys av grammatikalisering.

Om *drive* er grammatikalisert, inneber det at verbet har begynt å misse leksikalske verbeigenskapar og i staden tileignar seg grammatiske verbeigenskapar – får eigenskapar som minner om dei til hjelpeverb. Når Faarlund, Lie & Vannebo (1997) og andre omtalar konstruksjonar med dette verbet som uttrykk for kursivt aspekt, inneber det at verbet delvis har gjennomgått ei slik utvikling.

Ei utvikling frå leksikalsk til grammatiske verb kan ta ulike vegar avhengig av opphavssstrukturen og det aktuelle språket sine typologiske eigenskapar. Heine (1993: 55) skisserer ulike stadium som han meiner ei slik utvikling gjerne går gjennom. Utgangspunktet er ein struktur med eit typisk verb og eit komplement med nominal eller adverbial form. Verbet som utviklar seg i retning av hjelpeverb, misser etter kvart verbale eigenskapar; det kan vere slikt som tap av evne til å stå i imperativ, til å bli nominalisert og til å bli negert uavhengig av komplementet. Komplementet misser på si side etter kvart adverbiale og nominale markørar og utviklar grammatiske eigenskapar som er vanlege ved hovudverb (typisk ei infinitiv form).

I utviklingane fram mot [drive og V] er det fire involverte grammatiske markørar (i tillegg til det etter kvart meir grammatiske *drive*): dei adverbiale preposisjonane *på* og *med*, den nominale subjunksjonen *å* og konjunksjonen *og* (gitt at pseudokoordinasjon er å rekne som ei form for sideordning). Betydniniane til desse markørane og korleis dei spelar inn i dei observerte endringane, skal vi sjå nærmare på i avsnitt 5.2–4.

### 5.1 Utgangspunktet: kontinuativt aspekt

I det eldre materialet er det som vist eit mykje sterkare innslag av varianten [drive på med å V] enn i det yngre. Når ein studerer dei eldre døma med denne varianten, er det påfallande at mange av dei har ei noko annleis betydning enn moderne [drive og V]. Dei uttrykkjer ofte ikkje kursivt aspekt, men kontinuativt aspekt. Éin av betydningsvariantane som *Norsk ordbok* nemner for *driva* (under pkt. A. 6 c)), er «arbeida ihuga, trottig (med noko); halda ivrig på (med noko); «hanga i»; (øg:) halda fram, halda ved, herda på», og det å ‘halde fram med ein prosess’ er nettopp kontinuativt aspekt.

Døma i (20)–(22) har tydeleg kontinuativ betydning og illustrerer høvesvis [drive på med å V], [drive på å V] og [drive på og V] (altså dei tre variantane med *på*; eg kjem tilbake til *på* i avsnitt 5.4).

- (20) Hun la hodet paa siden og begyndte at le og drev paa med at le paa en temmelig hysterisk maate, til hun ikke kunde mer. (FP)
- (21) «Er det ikke non gravhaug, er det ikke no å gjøre ved det. Men vi kan grave litt til og se.» Falkene drev på å spade, så svetten rant nedover ansiktene på dem. (DNF)
- (22) Tor svarar ikkje noko, set hornet til munnen og tenkjer no han skal taka eit større drag. Han driv på og drikk til han ikkje kann halda pusten lenger, men enno ser han at hornstikelen ikkje vil so høgt upp som han vil ha han. (DNGH)

Det er ikkje slik at desse tre variantane alltid hadde kontinuativ betydning i det eldre materialet. (23)–(25) er døme med kursiv betydning. (Setninga i (24) er starten på ei forteljing.)

- (23) I februar 1926 vende *Skuleboknemndi åt Studentmållaget i Oslo* seg til meg og bad meg at eg «vones snøgt kunde få til ei slik rettleidingsbok». Eg hadde alt då ei tid drive på med å planleggja ei slik bok og samla tilfang. (NBB, original kursivering)
- (24) Der var to kvinner som drev på å få vadmel ferdig kyndelsmessdagen. (LES)
- (25) Men no veit eg, no eg ligg her og kjennen korleis dauden veks under hudi på meg, [...], no medan desse ærelause kvinnfolki driv på og dansar og tek ut på lyssturar, no veit eg at eg alltid hev levtt berre for deim (FHj)

I det yngre materialet finst det nokre meir eller (helst) mindre klare døme med kontinuativ betydning, men dei er ikkje mange. Eg syner to i (26) og (27); begge kan lesast både kontinuativt og kursivt:

- (26) Kommunen kan ikke drive på med å understøtte denslags barnaktigheter i det uendelige (LBK)
- (27) Så lenge supermarktene drev på og sloss, trodde de fleste landene i den tredje verden at de kunne fortsette å ... (LBK)

Sjølv om den kontinuative betydninga ikkje er einerådande for [drive på med å V] i det eldre materialet, meiner eg den seinare utviklinga best lèt seg forstå om ein legg til grunn at utgangspunktet er kontinuativt aspekt uttrykt med denne konstruksjonen.

### 5.2 Med-bortfall

Hypotesen er at den første strukturelle endringa som skjer med [drive på med å V], er bortfall av *med*. Dette resulterer i varianten [drive på å V]. Som det har gått fram i den empiriske undersøkinga, var variantar med *med* langt vanlegare før enn dei er i moderne språk (26,5 mot 2,4 %), først og fremst i varianten [drive på med å V], som har gått markert tilbake.

Faarlund, Lie & Vannebo (1997: 648) skriv følgjande om uttrykk for kursivt aspekt: «Mellom variantene med og uten *med* ved *drive* (*på*) og *holde på* kan det være en betydningsforskjell. Variantene med preposisjon uttrykker som regel en intensjonal handling, mens variantene uten *med* er ikke-intensjonale» (jf. også ein liknande observasjon for svensk *hålla på* (*med*) i Teleman, Hellberg & Andersson (1999, bd. 4: 336)). Liknande skilje meiner dei å finne ved dei kontinuative [fortsette (*med*) å V] og [*holde fram* (*med*) å V], der dei seier at uttrykk med *med* vanlegvis er intensjonale, mens dei utan *med* kan vere både intensjonale og ikkje-intensjonale (s. 653). Likeins skriv dei om dei egressive [*holde opp* (*med*) å V] og [*slutte* (*med*) å V] at uttrykk med *med* vanlegvis berre er intensjonale, mens dei utan *med* kan vere både intensjonale og ikkje-intensjonale (s. 657–658). Lødrup (2017: 273–275) diskuterer at *med* normalt impliserer intensjonalitet, men han fokuserer på varianten [drive med å V], som neppe er ein forgjengar for pseudokoordinasjon med *drive*, jf. (19) ovanfor.

Det synest rett at uttrykk med *drive med* oftast er intensjonale, sjølv om det finst døme i det eldre materialet på det motsette, som i (28):

- (28) og vinden drev på med å blåse fra toppen av åsen (SLJS)

Men at uttrykk utan *med* generelt skulle ha ikkje-intensjonal betydning, stemmer openbert ikkje (og påstanden er då også berre belagd med døme med [*holde på* (*med*) å V] i Faarlund, Lie & Vannebo (1997: 648)). Subjektet refererer uavhengig av *med*-bruk normalt til ein intensjonal agens, som vist i (29)–(30):

- (29) En gruppe av italienske forskere driver på med å skape en fullt kommentert utgave av diktet (no.wikipedia.org)

- (30) Grunnen til at jeg driver og argumenterer her, er at jeg mener dere krisemaksimerer litt (vgd.no)

Ei anna sak er at fråvær av *med* i høgre grad enn nærvær lèt seg kombinere med ikkje-intensjonal bruk. Eit klart ikkje-intensjonalt døme utan *med* er gitt i (31):

- (31) jeg syns de tar sjanser nå, når isen driver og råtnar opp rundt dem (vgd.no)

Is kan ikkje ha nokon intensjon, og rotning skjer òg utan at nokon intensjon er inne i bildet. Her synest det ikkje naturleg å bruke *med* (*?når isen driver (på med å råtna)*) – for meg høyrest dette ut som besjeling av isen. Besjeling har vi nokså klart av stamcellene i (32):

- (32) Inni testiklene finnes det stamceller som stadig driver på med å lage nye sædceller (forskning.no)

Sjølv om stamceller må seiast å vere ikkje-intensjonale, er dei aktive, og verbet *lage* er grunnleggande agentivt, så her verkar det ikkje så urimeleg å bruke *med*. Det kunne likevel ha vore like naturleg å bruke pseudokoordinasjon, utan *med* (*som stadig driver og lager nye sædceller*). Det er altså ein samanheng med intensjonalitet i bruk vs. ikkje-bruk av *med*, men langt mindre tydeleg enn skildringa hos Faarlund, Lie & Vannebo (1997) skulle tilseie.

Det er felles for dei forskarane som har diskutert rolla til *med*, at dei ikkje har sett spørsmålet om konstruksjonsbetydning i samanheng med eigenbetydninga til preposisjonen. I kognitive tilnærmingar til grammatikk, inkl. konstruksjonsgrammatikk, reknar ein med at alle komponentar i grammatiske konstruksjonar er betydningsberande, ned til morfemnivået. Når ein knyter intensjonalitet spesielt til konstruksjonar der *med* er brukt, er det i eit slikt lys naturleg å spørje kva betydninga til sjølve preposisjonen eventuelt har å gjere med intensjonalitet.

Preposisjonar er semantisk toverdige og innføyer betydninga til komplementet sitt i betydninga til ein overordna struktur. Normalt er slike strukturar klart asymmetriske med ulike roller for overordna primærdektakar og underordna sekundærdektakar (*trajector* og *landmark*). *Med* er, som dei fleste preposisjonar i norsk, fleirtydig og fleirfunksjonell. Det kan ein sjå i alle større ordbøker, der variantane er presenterte i lister. Betydningsvariantane glir over i kvarandre, men i Kinn (2001: 156–160) er det gjort eit forsøk på ein analyse av relasjonane mellom dei viktigaste variantane. Preposisjonen *med* står gjenomgående for ein relasjon mellom primær- og sekundærdektakar som er til

stades samtidig, men som utypisk for preposisjonskonstruksjonar kan ha eit tilnærma symmetrisk forhold til kvarandre. Komitativ betydning er bortimot symmetrisk (jf. at *Anne diskuterer med Kjersti* betyr nesten det same som *Kjersti diskuterer med Anne*) og kan reknast som den mest sentrale betydningsvarianten, mens dei fleste andre variantar er noko meir asymmetriske. Assosiativ betydning i to variantar kan ifølgje Kinn (2001) forståast som éi av to hovudforgreiningar i den semantiske strukturen til *med*: innhald (*ein koffert med klede*) og følge (*eit rundstykke med ost*). Den andre semantiske hovudforgreininga fører til instrumental betydning (*ete maten med kniv og gaffel*) og måtesbetydning (*gå til åtak med stor styrke*). Ikkje uttrykkjeleg handsama i Kinn (2001) er ein variant som kan seiast å ha middelbetydning, og som står både instrument og måte nær. Eit middel kan forståast som eit abstrakt instrument (jf. Croft (1991: 178–179) om den semantiske rolla *means* ‘middel’). Eit instrument er noko som er brukt av ein agens for å utføre ei handling. Og ein agens utfører ei handling med intensjon. Bruk av *med* for middel impliserer derfor intensjonalitet, og dette er den djupare årsaka til dei konstruksjonseigenskapane som har vore diskuterte i tidlegare litteratur.

For å forstå korleis dette verkar i samanheng med *drive*, er det nyttig å sjå på andre verb som *drive* er i slekt med, syntaktisk eller semantisk. Sidan *drive*-konstruksjonar ofte hadde fasebetydning i det eldre materialet, er det, slik Lødrup (2017) òg viser, naturleg å sjå *drive* i samanheng med nettopp faseverb. Her er det den gamle kontinuative fasebetydninga som er viktig, og dermed først og fremst varianten [drive på med å V].

Denne varianten høyrer formelt og semantisk tett saman med [holde på med å V]. Utan *på*, men elles av same type der førsteverbet seier noko om fasen for aktiviteten til andreverbet, er konstruksjonar med verb som *begynne*, *vente*, *fortsette*, *nøle*, *ende* osv.

Ved ein del verb som kan uttrykke faseaspekt, er det potensielt ein klar forskjell i betydning mellom uttrykk med og utan *med*. Vi kan bruke *begynne* som døme. I (33) går det fram av konteksten at salet av plastdelar er eit middel som agens brukar som det første leddet i ein prosess med fleire seinare ledd. *Begynne* fokuserer ikkje på startfasen av seljinga; seljinga er eit middel til å starte noko anna.<sup>17</sup>

- (33) De begynte med å selge plastdeler – nå vil de selge hele fabrikker  
(www.dn.no)

---

17. Men teke ut av konteksten er *De begynte med å selge plastdeler* tvitydig mellom dei to lesingane.

I (34), derimot, er det nettopp startfasen i hjelplinga som er fokusert med *begynne*. Med andre ord uttrykkjer *begynne* ein fase av prosessen uttrykt av det følgjande verbet her, men ikkje i (33) – det er eit faseverb. Ved faseverb har ein ikkje noka middelbetydning.

- (34) Kundelistene eksploderte da Oscar Toft begynte å hjelpe privatpersoner med datatrøbbel ([www.rbnnett.no](http://www.rbnnett.no))

Vi kan merke oss at når verbfrasen etter *begynne* blir pronominalisert, må ein bruke *med*. Dette er vist i (35), der *begynne* fokuserer på startfasen i *det*, som viser tilbake til *går alene til og fra skolen*. Tilsvarande viser naturlegvis andre nominale uttrykk, som *røyking* i (36).

- (35) Tora og Marius går alene til og fra skolen. Marius begynte med det da han gikk i tredje klasse ([familieklubben.no](http://familieklubben.no))

- (36) Jeg hadde noen venninner som begynte med røyking i sommerferien før 7. klasse ([moccaworld.blogg.no](http://moccaworld.blogg.no))

Restriksjonane på uteating av *med* tyder på at slik uteating er ei nyutvikling som er knytt til faseaspektbetydninga. Og forenkling av den grammatiske strukturen (*med å > å*) kan tolkast som uttrykk for at *begynne* er i ferd med å bli grammatikalisert som faseaspektuelt verb.

Det er rikeleg med døme i det eldre materialet på [drive på med å V] brukta som [begynne å V] i (34), altså om faseaspekt. Derimot har eg ikkje komme over eksempel der [drive (på) med å V] er brukt som [begynne med å V] i (33). Dette kan tolkast som at middelbetydninga som *med* står for, ikkje var uttrykt av [drive (på) med å V] (lenger). Bortfall av *med* kan dermed forståast som at uttrykket blir meir kongruent med innhaldet i konstruksjonen: Uttrykket for middel er overflødig og fell vekk. Sidan utviklinga fører *drive* i same retning som andre verb som uttrykkjer faseaspekt, er det ei endring som kan forståast som del av ein meir generell grammatikaliseringssprosess; det har danna seg eit konstruksjonelt skjema [V å V] der det første verbet er (fase)aspektuelt.

Vi har sett at verb for fase kan ha variantar i konstruksjonar av typen [V med å V] der *med* uttrykkjer middel. Men som nemnt har *med* ei rekke betydningar. Dei flyt delvis over i kvarandre, og det gjeld òg i slike konstruksjonar. I [svare med å V] og [reagere med å V] har preposisjonen ei klarare middelbetydning enn det vi har sett ovanfor, mens [arbeide med å V], [streve med å

V], [slite med å V] har *med* i ein betydningsvariant som kanskje best kan karakteriserast som ein abstrakt komitativ, og det same kan nok seiast om [drive (på) med å V] når konstruksjonen ikkje lenger har kontinuativ fasebetydning. Handlingane som dei to verba viser til, blir integrerte som ulike aspekt av éi kompleks handling. Di meir likeverdige delane i komitativrelasjonen er, di meir liknar konstruksjonen på koordinasjon. At det kan vere ein glidande overgang mellom ‘med’ og ‘og’ (framfor alt når dei relaterte entitetane er nominale), er velkjent frå den typologiske litteraturen (jf. Haspelmath 2007: 29–33).

### 5.3 Reanalyse frå infinitiv til koordinasjon

Andelen av variantar med å-infinitiv fall markert frå det eldre til det yngre materialet (frå 32,1 til 2,6 %). Det eldre materialet viser at [drive på med å V] ved sida av kontinuativ betydning (som vi går ut frå er eldst) hadde kursiv betydning. Det same gjeld den yngre varianten [drive på å V]. La oss samanlikne to døme med [drive på å V] frå den eldre perioden for å kaste lys over forskjellen mellom kontinuativ og kursiv betydning. I (37) er «det» i gang med å ringje (ein aktivitet), og [drive på å V] zoomar inn på ein fase der det er aktuelt å la ringinga halde fram. Dette er kontinuativt aspekt.

- (37) Skulde han la det drive paa at ringe, til vedkommende blev lei det (RT)

Det er to hierarkisk ordna situasjonsaspektnivå i denne uttrykksmåten: «at ringe» uttrykkjer ein grunnleggande aktivitet, mens «drive paa ...» fokuserer på ein kontinuativ fase av aktiviteten.

I (38) er det tale om om ein prosess der den døde lagar ei kiste; dette er ein gjennomføringssituasjon. Konstruksjonen [drive på å V] tilfører her eit kursivt aspekt ved at ein ikkje «ser» verken starten eller slutten på kistelaginga.

- (38) Flere der hadde hørt samme lyden som jeg, paastod at den døde drev paa at lave sin egen kiste. (MS)

Samanliknar vi (37) og (38), er det altså slik at [drive på å V] uttrykkjer eit situasjonsaspekt i (37), men eit synsvinkelaspekt i (38). Overgangen frå situasjonsaspekt til synsvinkelaspekt er som nemnt evidens for ein grammatikaliseringssprosess.

Men korleis kan reanalysen frå [drive på å V] til [drive på og V] forståast på bakgrunn av dette? Reanalysen går noko på tvers av typiske utviklings-

prosessar der det vert utvikla hjelpeverbkonstruksjonar. I staden for å halde fram mot ein infinitiv utan *å* (ei typisk verbform for eit underordna komplement/hovudverb, som i modalverbkonstruksjonar) blir det andre verbet tolka over i ein struktur der det formelt er sideordna med *drive*.

At *å* og *og* er homofone,<sup>18</sup> legg til rette for reanalysen (men er ingen motivasjon). I [drive på *å* V] er bøyingsforma til *drive* variabel, mens det andre verbet alltid står i infinitiv. Når *drive* så står i infinitiv, er det opning for å tolke verbformene som uttrykk for slikt samsvar som ein normalt har i pseudokoordinasjon, og å tolke subjunksjonen *å* som konjunksjonen *og*.

I uttalen er det uråd å skilje mellom [drive på *å* V] og [drive på og V] når begge verba er infinitivar; reanalysen kan ikkje observerast direkte. Det er først når den sistnemnde strukturen blir teken i bruk med andre former enn infinitiv, at ein kan identifisere den nye varianten [drive på og V]; reanalysen blir observerbar først ved ekstension (jf. Harris & Campbell 1995).

Vi såg i avsnitt 5.2 korleis den eldste varianten [drive på med *å* V] har eit *med* som opphavleg er uttrykk for middel, og at middelbetydninga kan sjåast på som ein variant innanfor eit større komitativt betydningsfelt hos *med*. Posisjonsstrukturar er typisk klart asymmetriske, men den komitative betydninga etablerer ein tilnærma symmetrisk relasjon mellom to handlingar.

Slik betydning er nært i slekt med koordinasjonsbetydning. Konjunksjonar knyter normalt saman (minst) to symmetriske delentitetar (betydningane til konjunkta) til ein heilskapsentitet (betydninga til heile koordinasjonen). Det er enkelt å vise likskapen mellom komitativ og koordinasjon med nominale betydningselement: *Anne diskuterer med Kjersti* betyr om lag det same som *Anne og Kjersti diskuterer*. Skilnaden er lite meir enn eit spørsmål om konseptualisering.

Når *med* fell ut i [drive på (*med*) *å* V], er det berre subjunksjonen *å* som viser underordning av V. Når begge verba så står i infinitiv og *å* kan tolkast som *og*, er det ingenting som utvitydig viser underordning, og vegen ligg open for at ei tidlegare komitativkonseptualisering glir over i ei koordinasjonskonseptualisering.

*Drive*-pseudokoordinasjon er neppe den einaste pseudokoordinasjonstypen som har oppstått ved reanalyse av ein struktur med infinitiv (sjå Kvist Darnell (2008: 45–46) for ei oppsummering av påstandar om at somme eller alle slags pseudokoordinasjon har slikt opphav). For norsk ser det ut til å gjelde i allfall [*holde* på og V] (jf. elles Blensenius (2013) om svensk) og delvis [se *å/og* V]

18. Vel å merke skreiv ein lenge dansk *at* for *å*, men den norske uttalen var nok normalt *å*.

(Vindenes 2015), og kanskje gjeld det pseudokoordinasjon for telisk rørsle, som [gå (ut/ned/...) og V] (jf. Andersson og Blensenius (2018) om svensk). Dette er eit stort tema som eg ikkje kan gå djupare inn i her.

Som uttrykk for kursivt synsvinkelaspekt kan *drive* kontrasterast med *begynne* (ingressivt faseaspekt) og *slutte* (egressivt faseaspekt). Ved desse verba kan ein observere (noko som minner om) pseudokoordinasjon iallfall i imperativ (*Begynn /o:/ tren!* jf. Havnelid 2015) og perfektum partisipp (*Tenk om du kunne ha slutt /o:/ røykt!* jf. Aagaard 2016). Men i norsk er det heller uvanleg i andre bøyingsformer, som preteritum: *?Hun begynte /o:/ trente*, *?Hun slutter /o:/ røyker*. I visse former for svensk skal dette vere vanlegare (Wiklund 2008).

At uttrykk for kursivt aspekt viser klarare overgang til pseudokoordinasjon enn uttrykk for ingressivt/egressivt aspekt, kan truleg seie oss noko meir om motivasjonen for reanalysen. Mellom uttrykka for kursivt aspekt som Faarlund, Lie & Vannebo (1997) peikar på, er det neppe tvil om at pseudokoordinasjon med *ligge*, *sitte*, *stå* og *gå (omkring)* er dei mest frekvente. Det synest rimeleg å anta at slik pseudokoordinasjon med kursiv betydning har fungert som analogisk mønster for den nye analysen av konstruksjon med *drive*. Uttrykk for ingressivt og egressivt aspekt skil seg semantisk meir frå eksisterande pseudokoordinasjon, og reanalyse er dermed svakare motivert for dei.

#### 5.4 På-bortfall

Som vi har sett, er det ein god del meir bruk av *på* i det eldre materialet enn i det yngre (32,9 mot 4,9 %). Det meste av skilnaden har same grunn som forskjellen for *med*, nemleg at [drive på med å V] har vorte vesentleg sjeldnare og [drive og V] meir dominerande.

Hesse (2009: 123) skriv at mens [drive på og V] alltid er uttrykk for «aktuallitet», kan [drive og V] òg få habituell betydning. Dette er illustrert med to tolkingar av *Han driver og stjeler* – ‘han stel nett no’ vs. ‘han stel vanemessig e.l.’ – der sistnemnde då ikkje skal gjelde for [drive på og V]. (39) er eit moteksempel, men bruken av *på* kan kanskje verke noko underleg her nettopp fordi det er tale om habituell aktivitet:

- (39) Lurer på om dere vet noen som driver på og overhaler automatkasser til bmw? (bimmers.no)

Truleg er det samanheng mellom aktualitet og kontinuativ betydning, som eg kjem tilbake til nedanfor.

Hesse skriv elles (s. 121) at [drive på og V] er klart intensjonalt, mens det er meir opning for ikkje-intensjonale uttrykk ved [drive og V]; ho brukar som døme *?han driver og beundrer henne* vs. *\*han driver på og beundrer henne*. Dette er det enklare å undersøkje om ein finn døme der subjektet til *drive* ikkje kan vere intensjonalt. Sjølv om det er heller uvanleg, finn ein eksempel med formelt *det* som subjekt (jf. Lødrup 2017: 69–70). (40) og (41) gir døme på dei to variantane.

- (40) Siden londonere har den sjærmerende vanen å samle alt sørpelet sitt i plastposer utenfor porten [...] blir det litt ekkelt når det driver på og blåser slik. ([ossistorbyen.blogspot.com](http://ossistorbyen.blogspot.com))
- (41) Kjøpte meg ett nytt creative fatality headset for ikke så lenge siden, men nå driver det og piper og surrer i huet mitt ([www.diskusjon.no](http://www.diskusjon.no))

Det synest ikkje å vere nokon vesentleg skilnad mellom uttrykk med og utan *på* på dette punktet. Førstnemnde ser vel å merke ut til å vere sjeldnare, men det er som ein skulle vente når bruk av *på* er allment mindre frekvent. Det er altså ikkje intensjonalitet som utgjer skilnaden mellom uttrykk med og utan *på*.

Kva er då bidraget til *på*? Som for *med* er det naturleg å sjå på eigenbetydninga til preposisjonen. Preposisjonen *på* er svært polysem, men uttrykkjer ofte eit konkret eller abstrakt mål (betydninga til komplementet) for noko som er vist til utanfor preposisjonsfrasen. Relasjonar med mål involverer retning. Om ein depreserer målet (t.d. ved å ikkje bruke komplement), får ein ei betydning av typen ‘vidare’ – konkret eller abstrakt. Brukt om temporal «retning» gir dette kontinuativt aspekt.

I norsk har vi ein skjematisk konstruksjon [V på] (utan komplement til preposisjonen) der medlemmane har det til felles at det er tale om å halde fram med (eller sette i gang att) energikrevjande aktivitetar (ev. i metaforisk forstand).<sup>19</sup> Dei vanlegaste er kanskje [stå på] og [kjøre på], men [peise på] og [jobbe på] er òg mykje brukte. Det synest som om konstruksjonen er produktiv, jf. t.d. [fights på]. Den viktigaste medlemmen i vår samanheng er likevel [drive på], som er illustrert i (42) og i (10)–(11) ovanfor.

- (42) Så lenge det var moro, var det bare å drive på. ([www.mef.no](http://www.mef.no))

---

19. Tilsvarande gjeld for engelsk *on* i *go on*, *drive on*, osv. – og *carry on*, som har vore brukt som omsetting av *drive* i pseudokoordinasjon i vitskaplege tekstar sidan Lødrup (2002).

Dette [drive på] inngår som den første delen av pseudokoordinasjonen [drive på og V]. *På* står altså her opphavleg for temporal vidareføring av ein situasjon – kontinuativt aspekt. I eldre språk har jo òg [drive på] stått for nettopp kontinuativt aspekt, som vist i avsnitt 5.1. I yngre språk er det kontinuative aspektet sjeldan til stades i pseudokoordinasjon. *På* er såleis nokså redundant, og bortfallet kan på same måte som *med*-bortfallet forståast som ei motivert endring som gjer uttrykk og innhald meir kongruente.

## 6 Oppsummerande avslutning

Pseudokoordinasjon med *drive* eller *drive på* som førsteverb er eit særtrekk ved norsk som ikkje finst i dei andre skandinaviske språka. Ei samanlikning av skriftleg språkbruk frå periodane 1916–30 og 1985–2013 har påvist at [drive og V] i løpet av denne korte tida har blitt langt meir dominerande blant konstruksjonar der *drive* er følgt av eit anna verb. Utviklinga har framfor alt skjedd på kostnad av [drive på med å V], som har gått frå å vere vanleg til å bli ein temmeleg marginal variant. Resultata her styrkjer ein hypotese om diakron utvikling sett fram av Hesse (2009): Opphavet til pseudokoordinasjonen [drive og V] er konstruksjonen [drive på med å V].

Vi kan prøve å tolke utviklinga for *drive* i lys av Heine (1993) sin modell for utvikling av hjelpeverb (men hugs at eg ikkje hevdar at *drive* er blitt hjelpeverb). Det historiske utgangspunktet er då konstruksjonen [drive på med NP], altså der *med* har eit vanleg nominalt komplement (sjå avsnitt 2.1.2). Varianten [drive på med å V] kan då sjåast på som eit første steg mot grammatisk status for *drive*, fordi komplementet her er verbalt, altså tydeleg ein kandidat til hovudverbstatus. Eg understrekar at eg ikkje har noko grunnlag for å hevde at den førstnemnde strukturen faktisk er eldre enn den andre. Men at ein før eller seinare får ein struktur med to verb, er ein føresetnad for utvikling i retning av hjelpeverb e.l.

Ved sida av utviklingar som vi alt har sett på, er det somme andre teikn på utvikling av hjelpeverb eigenskapar i tråd med Heine sin teori. Tap av evne til nominalisering kan observerast: Mens [drive på NP] kan nominaliserast til *på-driving*, er det neppe aktuelt å danne *driving* av [drive og V]. Nominaliseringa av *dreiv* og *dansa* er *dansing*, ikkje *driving* (*og dansing*). Når utviklinga har komme til [drive og V], har *drive* òg mist evna til sjølvstendig nekting (noko som kjenneteiknar pseudokoordinasjon generelt); i *Jeg driver ikke og danser* er begge verba negerte.

Varianten [drive på med å V] har eit komplement i infinitiv verbal form. Infinitivsuffikset og *å* er markørar som nominaliserer verbet. Og utanpå der har vi *med*, som adverbialiserer uttrykket. Eit formelt steg som klart kan forståast som ledd i ein grammatikaliseringssprosess, er bortfallet av *med*, med endring frå [drive på med å V] til [drive på å V]. Her fell den adverbiale markøren vekk.<sup>20</sup> Som vist i avsnitt 5.1.2 er *med*-bortfall noko som går att ved fleire faseverb, som [begynne med å V] > [begynne å V], jf. òg Lødrup (2017). Andre er til dømes [starte (med) å V], [slutte (med) å V], [ta til (med) å V], [holde fram (med) å V]. Her har vi sett at *med* opphavleg har vore uttrykk for abstrakt middel, eit betydningselement som passar til ein annan bruksmåte ved desse verba, men er overflødig ved faseaspekt.

Varianten [drive på å V] har vidare blitt reanalyseret som [drive på og V], altså pseudokoordinasjon. Overgangen frå ein konstruksjon med komplement i infinitiv til ein konstruksjon med koordinasjon er utypisk for prosessar som utviklar hjelpeverb, sidan koordinasjon formelt sideordnar verba, mens typiske hjelpeverbkonstruksjonar har hjelpeverbet som overordna i syntaktisk forstand. Eg har sett fram ein hypotese om at allereie eksisterande pseudokoordinasjon med kursiv betydning (uttrykk framfor alt med positurverb, men òg slikt som *gå omkring*) har fungert som analogisk forbilde for omtolkinga.

Preposisjonen *på* har stort sett òg falle vekk, slik at ein frå [drive på og V] har fått [drive og V]. Eg har synt at *på* i [drive på] opphavleg er knytt til kontinuativt aspekt, liksom i [kjøre på], [peise på] og andre, og eg har føreslått at bortfallet av *på* heng saman med at den kontinuative betydninga er erstatta med kursiv betydning. Dermed er *på* semantisk overflødig og bortfallet semantisk motivert.

Det er altså vist at utviklinga av pseudokoordinasjon med *drive* på den semantiske sida involverer overgang frå (kontinuativt) situasjonsaspekt til (kursivt) synsvinkelaspekt. Dette er ei endring i grammatiske retning. Den empiriske undersøkinga støttar hypotesen hos Hesse (2009) om følgjande sekvens av konstruksjonar: [drive på med å V] > [drive på å V] > [drive på og V] > [drive og V]. Både bortfallet av *med*, reanalysen frå konstruksjon med infinitiv til konstruksjon med koordinasjon og bortfallet av *på* er viste å vere semantisk motiverte av endringa frå kontinuativ til kursiv betydning.

---

20. Bortfall av ein adverbialiserande markør ser vi òg når framtidskonstruksjonen [komme til å V] er i ferd med å bli til [komme å V], slik det allereie er i svensk (jf. Hilpert 2008).

### Kjelder til døme frå nb.no

DNG = Snorre Sturlasson. 1929. *Den norrøne gudeheimen: Gylvaginning og gudesegnene i Skáldskaparmál or Snorre-Edda*. Omsett av Enok Opsund. Oslo: Norli.

DNF = W[ilhelm] W[insnes] Stabell. 1926. *Den nye føreren. En fortelling om norske speidergutter*. Oslo: Aschehoug.

FP = Arnold Bennett. 1923. *Familien Prohack*. Omsett av Aksel Borge. Kristiania: Aschehoug.

FHj = Stefan Zweig. 1930. *Farshjarta*. Omsett av Severin Eskeland. Oslo: Norli.

GB = Kristofer Uppdal. 1930. *Galgberget*. Oslo: Noregs boklag.

LES = Just Qvigstad. 1929. *Lappiske eventyr og sagn fra Lyngen II*. Oslo: Aschehoug.

MS = Eivind Kolstad. 1923. *Mellem skjærene*. Oslo: Walter Øverland.

NB = Edvard Os. 1927. *Norsk brevbok*. Oslo: Samlaget.

SLJS = Elizabeth Madox Roberts. 1930. *Så lenge jorden står*. Omsett av Hans Heiberg. Oslo: Gyldendal.

TR = H[erman] C[yril] McNeile. 1926. *Tredje runde*. Anonym omsettar. Oslo: Tønsberg.

### Litteratur

Andersson, Peter & Kristian Blensenius. 2018. En historisk studie av pseudosamordning: konstruktionen *gå och V* i svenska. *Studier i svensk språkhistoria* 14, 80–101.

Blensenius, Kristian. 2013. En pluraktionell progressivmarkör? *Hålla på att jämförd med hålla på och*. *Språk och Stil* 23, 175–204.

Blensenius, Kristian. 2015. *Progressive constructions in Swedish*. Göteborg: Göteborgs universitet, doktoravhandling.

Croft, William. 1991. *Syntactic Categories and Grammatical Relations*. Chicago: University of Chicago Press.

Faarlund, Jan Terje, Svein Lie & Kjell Ivar Vannebo. 1997. *Norsk referansegrammatikk*. Oslo: Universitetsforlaget.

Gjersøe, Siri. 2016. Sharing properties of pseudo-coordination in Norwegian. In Barnickel, Katja et al. (red.), *Replicative processes in grammar*. (Linguistische Arbeitsberichte 93.) Leipzig: Institut für Linguistik, 351–376.

Hansen, Erik & Lars Heltoft. 2011. *Grammatik over det danske sprog*. København: Det Danske Sprog- og Litteraturselskab.

- Harris, Alice C. & Lyle Campbell. 1995. *Historical Syntax in Cross-Linguistic Perspective*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Haspelmath, Martin. 2007. Coordination. I Shopen, Timothy (red.), *Language Typology and Syntactic Description*, bd. 2: *Complex Constructions*. Cambridge: Cambridge University Press, 1–51.
- Havnælid, Inga Margrethe. 2015. «*Prøv å fakk skurken som gjemmer seg på Manhattan*». *Om dobbel imperativ i norsk*. Oslo: Universitetet i Oslo, masteroppgåve.
- Heggstad, Leiv, Finn Hødnebø & Erik Simensen. 2008. *Norrøn ordbok*. 5. utg. Oslo: Samlaget.
- Heine, Bernd. 1993. *Auxiliaries. Cognitive Forces and Grammaticalization*. Oxford: Oxford University Press.
- Heine, Bernd, Ulrike Claudi & Friederike Hünnemeyer. 1991. *Grammaticalization. A Conceptual Framework*. Chicago: University of Chicago Press.
- Hesse, Andrea. 2009. *Zur Grammatikalisierung der Pseudokoordination im Norwegischen und in den anderen skandinavischen Sprachen*. Tübingen: A. Francke.
- Hilpert, Martin. 2008. Where did this future construction come from? A case study of Swedish *komma att V*. I Bergs, Alexander & Gabriele Diewald (red.), *Constructions and language change*. Berlin: Mouton de Gruyter, 108–131.
- Hoffmann, Thomas & Graeme Trousdale (red.). 2013. *The Oxford Handbook of Construction Grammar*. Oxford: Oxford University Press.
- Hopper, Paul J. & Elizabeth Closs Traugott. 2003. *Grammaticalization*. 2. utg. Cambridge: Cambridge University Press.
- Josefsson, Gunlög. 1991. Pseudocoordination – a VP + VP coordination. *Working Papers in Scandinavian Syntax* 4, 130–156.
- Josefsson, Gunlög. 2014. Pseudocoordination in Swedish with *gå* ‘go’ and the «surprise effect». *Working Papers in Scandinavian Syntax* 93, 26–50.
- Kinn, Torodd. 2001. *Pseudopartitives in Norwegian*. Bergen: Universitetet i Bergen, doktoravhandling.
- Kinn, Torodd. 2017. Den trassige verbformen: presens partisipp og kongruensproblem i pseudokoordinasjon. I Hansen, Zakaris Svabo, Anfinnur Johansen, Hjalmar P. Petersen & Lena Reinert (red.), *Bók Jógván. Heiðursrit til Jógván í Lon Jacobsen á 60 ára deignum*. Tórshavn: Fróðskapur. Faroe University Press, 213–230.
- Kinn, Torodd. 2018. Pseudocoordination in Norwegian. Degrees of grammaticalization and constructional variants. I Coussé, Evie, Peter Andersson &

- Joel Olofsson (red.), *Grammaticalization Meets Construction Grammar*. Amsterdam: Benjamins, 75–106.
- Kjeldahl, Anne. 2010. The syntax of quirky morphology. Århus: Aarhus Universitet, doktoravhandling.
- Knudsen, Rune Lain & Ruth Vatvedt Fjeld. 2013. LBK2013: A balanced, annotated national corpus for Norwegian Bokmål. *Workshop on Lexical Semantic Resources for NLP at NODALIDA 2013* (NEALT Proceedings Series 19), 12–20.
- Kvist Darnell, Ulrika. 2008. *Pseudosamordningar i svenska: särskilt sådana med verben sitta, ligga ochstå*. Stockholm: Stockholms universitet, doktoravhandling.
- Lødrup, Helge. 2002. The syntactic structures of Norwegian pseudocoordinations. *Studia Linguistica* 56, 121–143.
- Lødrup, Helge. 2017. Norwegian pseudocoordination with the verb *drive* ‘carry on’: Control, raising, grammaticalization. I Butt, Miriam & Tracy Holloway King (red.), *Proceedings of the LFG17 Conference*. Stanford, CA: CSLI Publications, 264–284.
- Nielsen, Peter Juul. 2011. *Kongruenskonstruktion i dansk*. Oslo: Novus.
- Norsk ordbok: ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet*, bd. 2. 1978. Alf Hellevik o.a. (red.). Oslo: Samlaget.
- Smith, Carlota S. 1991. *The Parameter of Aspect*. Dordrecht: Kluwer.
- Teleman, Ulf, Staffan Hellberg & Erik Andersson. 1999. *Svenska Akademiens grammatik*. Stockholm: Svenska Akademien.
- Tonne, Ingebjørg. 2001. *Progressives in Norwegian and the theory of aspectuality*. Oslo: Universitetet i Oslo, doktoravhandling.
- Traugott, Elizabeth Closs & Graeme Trousdale. 2013. *Constructionalization and Constructional Changes*. Oxford: Oxford University Press.
- Vindenes, Urd. 2015. *Se å få deg et liv!* Om bruken av *se-o-V*-konstruksjonen i norsk. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 33, 63–88.
- Wiklund, Anna-Lena. 2008. *The Syntax of Tenselessness*. Berlin: De Gruyter.
- Åfarli, Tor Anders & Chet Creider. 1987. Nonsubject pro-drop in Norwegian. *Linguistic Inquiry* 18, 339–345.
- Aagaard, Teodor Ekblad. 2016. *Doble partisipper i norsk. Verbal trekkongruens og restrukturering*. Oslo: Universitetet i Oslo, masteroppgåve.

## Summary

Pseudocoordination with *drive* ‘carry on’ as in *drive og V* [carry.on and V] is a specifically Norwegian construction. This article first considers such pseudo-coordination in the context of other constructions where *drive* is followed by another verb. Next, the use of these various constructions with *drive* are studied diachronically. Modern Bokmål from the years 1985–2013 is compared to Norwegian written in the years from 1916 to 1930. The constructional origin is found in expressions of the type *drive på med å V* [carry.on on with to V], which often had continuative aspectual meaning, whereas modern *drive og V* has cursive (imperfective) meaning. This is a change from situation aspect to viewpoint aspect which is also accompanied by decreasing relative frequency of the former construction and increasing relative frequency of the latter. Such diachronic developments are naturally interpreted in the light of grammaticalization theory. The path from *drive på med å V* to *drive og V* involves the elision of *med* ‘with’ and *på* ‘on’ as well as reanalysis of a construction with infinitival complementation to a construction with verb phrase coordination. The article shows how these structural changes in expression are motivated by the semantic change.

Torodd Kinn

Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium

Universitetet i Bergen

Postboks 7805

5020 Bergen

[torodd.kinn@uib.no](mailto:torodd.kinn@uib.no)